

Bachelor oppgave

**Arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn på  
barnevernsinstitusjon**

Ein kvalitativ studie om miljøterapeutane sitt arbeid med  
ungdom med minoritetsbakgrunn på barnevernsinstitusjon

Synne Brekke Rebni  
Thea Hovet Brustuen

Barnevernspedagog – sosialt arbeid

2023



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Eigenerklæring

Denne oppgåva er vårt eige og sjølvstendige arbeid. Den gjer ikkje bruk av andre sitt arbeid utan at det er oppgitt, den gjer ikkje bruk av tekst frå eige arbeid utan at det er oppgitt, og kjelder som er brukt er ført inn i både tekst og kjeldeliste i på ein måte som gjer at vi ikkje vil få ein 'ufortent rennomegevinst'. Den har heller ikkje vore brukt som eksamensvar eller arbeidskrav tidlegare.

Vi veit at oppgåva vil bli elektronisk kontrollert for plagiat og at alvorlege brot med 'god sitatskikk' vert behandla som fusk jf. UH-lova § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.

I arbeidet med oppgåva er personopplysningar behandla i samsvar med retningslinjene som er å finne i Canvas. Oppgåva inneheld ikkje opplysningar som kan førast tilbake til einildpersonar ut over det som dei har godtatt gjennom samtykke eller som er offentleg kjent.

Vi gir Høgskulen i Volda rett til å publisere oppgåva vederlagsfritt i elektronisk form.

## Samandrag

Denne oppgåva tar for seg ulike metodar som blir brukt i møte med ungdom som bur på barnevernsinstitusjonar. Det handlar også om korleis kultur påverkar dei profesjonelle si yrkesutøving og kva betydning kunnskap og forståing kan ha for kvaliteten på arbeidet. Problemstillinga er derfor; *korleis arbeidar miljøterapeutar med ungdom med minoritetsbakgrunn på barnevernsinstitusjon*. Dette er ein empirisk studie der vi har gjennomført dybdeintervju. Vi har brukt teori som omhandlar sentrale metodar innanfor institusjonsarbeid, og forskning om kulturforståing og kunnskap knytt til etniske minoritetar. Studien illustrerar at yrkesutøvarane ikkje har hatt så mykje erfaring med ungdommar med minoritetsbakgrunn. Ut ifrå den kunnskapen dei sit på, har dei tilnærma seg alle likt og tilrettelagt ut ifrå kvar enkelt individ. Noko dei har lagt merke til er at det å samarbeide er svært sentralt i møte med familiar med anna etnisk bakgrunn, då mykje er ukjent og framandt innanfor denne arenaen. Eit anna sentralt funn var at yrkesutøvarane erkjenne at det fortsatt er mykje kunnskap å hente og at dei dermed kan utøve eit betre arbeid overfor ungdommane. Vi kan altså konkludere med at meir fokus og kompetanse rundt temaet er eit forløp mot eit meir kultursensitivt arbeid.

## Abstract

This task covers various methods used when working with youth living in child welfare institutions. It also explores how culture influences the professional practice of workers and the importance of knowledge and understanding for the quality of their work. The question for our research is: how do social therapists work with youth of minority background in child welfare institutions? This is an empirical study where in-depth interviews have been conducted. The theory used encompasses central methods in institutional work and research on cultural understanding and knowledge related to ethnic minorities. The study shows that practitioners haven't had much experience with youth of minority background. Based on the knowledge, they have approached everyone in a similar way and adapted to each individual. They have noticed that collaboration is essential when working with families of different ethnic backgrounds, since a lot is unknown and unfamiliar in this arena. Another key finding was that practitioners acknowledge that there is still a lot of knowledge to be gained, and because of this they can perform better work for the youth. We can then conclude that more focus and competency on the topic is a step towards more culturally sensitive work.

## Forord

Vi har no studert som barnevernspedagog i tre år og med dette fått skreive vår bachelor. Gjennom prosessen av skriving av bachelor har vi hatt mange gode støttespelarar rundt oss. Vi vil med dette takke våre familiar, vennar og lærarar. I tillegg vil vi gi ein stor takk til vår veilledar Malene Ovrelid, som har vert ein god hjelpar og støtta oss gjennom vår bacheloroppgåve. Til slutt vil vi takke kvarandre for å ha stått gjennom både nedturar og oppturar og motivert kvarande til å fortsette.

Forrige semester var vi begge på praksis i Tanzania i Afrika noko som har vert veldig lærerikt og spennande å få oppleve og gav oss eit stort inntrykk. Det å få innsyn fra ei anna side av verden, lære om ein ny kultur der haldningar og livvsyn var annleis enn vi var vant til, vekka ein interesse i oss. Dette har gjort at vi har fått eit nytt perspektiv og blitt meir bevisst på korleis kulturforskjellar gjer seg til synet. Dette er noko av grunnen til av vi valte å fokusere på ungdommar med minoritetsbakgrunn og undersøke korleis ein arbeida med desse ungdomane på institusjon.

Vi vil avslutte med å ein takk til deg som lesar for at du tok deg tid til å lese oppgåva vår og vi håpar at du vil finne den interessant og informativ.

## Innholdsfortegnelse

<b>Samandrag</b> .....	<b>iii</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>iv</b>
<b>Forord</b> .....	<b>v</b>
<b>Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<b>Kunnskapsgrunnlag</b> .....	<b>3</b>
<i>Bakgrunn</i> .....	3
<i>Teori</i> .....	5
Kultur.....	5
Miljøterapi.....	6
Familie og nettverk .....	8
<i>Forskning på feltet</i> .....	9
Etniske minoriteter og sosialt arbeid .....	9
Familien som ressurs.....	10
<b>Metode</b> .....	<b>11</b>
<i>Forskningsdesign</i> .....	11
<i>Utval</i> .....	11
<i>Transkripsjon</i> .....	12
<i>Analyse</i> .....	12
<i>Etikk</i> .....	12
<i>Kvalitet</i> .....	13
Validitet .....	13
Reliabilitet .....	14
<b>Funn</b> .....	<b>15</b>
<i>Tilnærming</i> .....	15
<i>Språk</i> .....	17
<i>Nettverk og samarbeid</i> .....	17
<i>Identitet</i> .....	18
<i>Kva ein kunne gjort betre</i> .....	19

<b>Diskusjon .....</b>	<b>20</b>
<i>Korleis arbeider ein miljøterapeutisk i møte med ungdom med minoritetsbakgrunn? .....</i>	<i>20</i>
<i>Korleis arbeidar ein familie og nettverksorientert i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn?.....</i>	<i>22</i>
<b>Konklusjon .....</b>	<b>25</b>
<b>Bibliografi .....</b>	<b>27</b>
<b>Vedlegg.....</b>	<b>30</b>

# Innleiing

I dagens samfunn er det etniske og kulturelle mangfaldet i Norge blitt endå større enn tidlegare. Dei siste ti åra har befolkninga blitt meir fleirkulturell som følge av innvandring (Nasjonal digital læringsarena, 2019). Dette skapar eit samfunn der ein møter på ulike kulturar, på forskjellige arenaer og i ulik kontekst. Det vil alltid vere situasjonar ein møter på der ein må ta hensyn og tilpasse seg andre. Likevel ser ein stadig vekk at mange ikkje er bevisst på sine eigne haldningar og verdiar, og derfor er dette noko ein fortsatt må få auka forståing rundt.

Mange barn i Norge har tilknytning, foreldre eller øvrig familie i andre land (Regjeringen, 2015). Forsking viser at innvandrarar er overrepresentert i barnevernsinstitusjonar samanlikna med etnisk norske (Bufdir, 2022; Statisk sentralbyrå, 2020). Statistikk frå 2019 vise at 26,1% per tusen barn har hatt ein form for barnevernstiltak, der over 50% av desse var innvandrarar. Som miljøterapeut på barnevernsinstitusjonar vil ein derfor kunne møte på ungdommar og familiar med ulik språkleg og kulturell bakgrunn.

Media gir også mykje kritikk for manglande fokus på barn med minoritetsbakgrunn når det kjem til kulturforståing og språkbarrierar. Blant anna vart ein rapport skrevet av barneombodet, kritisert for å ha lite fokus på barn og unge med minoritetsbakgrunn. Tidlegare lokalpolitikar i Ap, Elvis Chi Nwosu har uttrykt at til tross for at barn og ungdom er overrepresentert i barnevernsinstitusjonar, er det likevel mangel på eit kultursensitivt perspektiv i rapporten. Han seier også at det er barnevernsinstitusjonen si oppgåve å bidra til at den enkelte kan føle stoltheit i forhold til sin bakgrunn og til kven dei er, noko som sjeldan blir ivaretatt godt nok. (Castello, Utrop.no, 2020). Mykje kritikk og debattering rundt temaet har ført til ein auka interesse og større fokus på at ungdom med minoritetsbakgrunn skal bli anerkjent og respektert. På denne måten ser ein at temaet for studien har sosialfagleg relevans.

Det har blitt bevisstgjort at kulturell identitet og bakgrunn kan spele ei viktig rolle i barn sitt liv og velvære. Ut i frå dette ønsker vi å utforske korleis miljøterapeutar faktisk arbeider kring dette temaet.

Vi har derfor utarbeida problemstillinga som følgande; *korleis arbeidar miljøterapeutar med ungdom med minoritetsbakgrunn på barnevernsinstitusjonar?*



På barnevernsinstitusjonar brukar ein ofte ulike arbeidsmetodar innanfor miljøterapi. Sidan dette er ein stor del av sjølve behandlingsopplegget har vi lyst å sjå nærmare på korleis ein arbeidar med det og om det er noko ein må ta hensyn til knytt til arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn. Første forskningsspørsmål er derfor; *korleis arbeidar ein miljøterapeutisk i møte med ungdom med minoritetsbakgrunn?*

Familie og vennar er noko som er veldig viktig for eit individ og det er dei som har vert på å forme ungdommane til den dei er. Når ein er på barnevernsinstitusjon er det derfor viktig å oppretthalde relasjonar og kontakt med nettverket sitt, fordi ein i hovudsak skal tilbake til omsorgspersonane sine. Familie og nettverksorientering er ein stor del av arbeidet overfor ungdommane og dermed veldig sentralt. Med tanke på kritikk som barnevernet har fått når det kjem til samarbeid med familiar med minoritetsbakgrunn, er det derfor interessant å få eit innblikk i kva betydning dette samarbeidet faktisk har. Med utgangspunkt i dette vil vi gå meir inn på familie-og nettverksarbeid, og andre forskningsspørsmål er derfor; *korleis jobbar ein familie og nettverksorientert i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn?* Å ta opp dette temaet kan bidra til å auke bevisstheit blant både sosialarbeidarar og andre aktørar i samfunnet og bidra til auka kulturforståing og inkludering.

# Kunnskapsgrunnlag

## Bakgrunn

I dag lever vi i eit fleirkulturelt samfunn der kulturelle element går på kryss og tvers av landegrensar (Archive, 2018; Landsforeningen for barnevernsbarn). I barnevernsstatistikken er barn og unge med minoritetsbakgrunn overrepresentert i Norge (Allertsen og Kalve 2006; Kalve og Dyrhaug 2011) (Paulsen, Torshaug, & Berg, 2014). Så lenge vi lever saman i eit samfunn, vil det alltid eksistere ein kultur (Archive, 2018). Ein kan beskrive begrepet kultur som «eit system av kunnskap, idear, verdiar, og reglar som ligg bak kva vi gjer, og som uttrykkast gjennom det vi gjer». Dette er noko som vil vere viktig for miljøterapeutar å vere bevisst over i møte med familiar med anna etnisk bakgrunn (Holt, 2019, s. 41; Rugkåsa, Ylvisaker, & Eide, 2017, ss. 26-27). Det er viktig at barnevernsinstitusjonar gjenspeilar dette i praksis og at dei profesjonelle innehar ein kulturell kompetanse og forståing (Landsforeningen for barnevernsbarn).

Knytt til kulturforskjellar har barnevernet fått kritikk for blant anna at samtaler med foreldra har for lite fokus på kulturforskjellar og ulike former for omsorg (Castello, 2018; Landsforeningen for barnevernsbarn). Det er også i liten grad bygd inn tenester som passar med minoritetane sine ønsker og behov, for eksempel er informasjonsmateriale ofte på norsk og det er manglande kultursensitivitet i arbeidet (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 233). Det kjem også fram at barnevernet ikkje klarer å balansere forståing av kontekstar opp i mot indre eigenskapar hos foreldra i vurderingar som blir gjort. Ein kan forstå dette som at det i stor grad blir lagt vekt på mangel på omsorg i eigenskapane hos foreldra, og at det blir lagt lite fokus på korleis barnevernet og stress bidrar til foreldra sin mangelfulle fungering (Castello, Barnevernet tar lite hensyn til kultur, 2018).

Sidan samfunnet forandrar seg til eit meir fleirkulturelt samfunn må også lover og reglar følge med. Derfor har det blitt innført og tatt i bruk ei ny barnevernslov. Denne lova har som mål å vere litt meir tilgjengeleg og modernisert (Regjeringen, 2022). Regjeringa foreslo ein overordna bestemming i den nye barnevernslova for å bidra til auka bevisstgjering i tenestene, betre barnevernsfaglege vurderingar og riktige avgjersler til barnets beste. Dette skal blant anna gjennomførast ved at barnevernet i sitt arbeid jf. §1-8, skal ta hensyn til barnets etniske, kulturelle, språklege og religiøse bakgrunn (Lovdata.no, 2021; Regjeringen, 2020-2021). I tillegg skal dei ha ansvar for å møte barna med respekt for deira personlege integritet jf. §10-

1, noko som handlar om at ein skal behandle menneske med respekt, sensitivitet og omtanke. Barna skal alltid involverast i avgjersler, lyttast til og bli behandla med verdigheit. Dette er noko som ein har tatt inn i den nye barnevernslova for å kunne betre ivareta barn og unge sine rettigheitar (Lovdata.no, 2021). I møte med barn og unge må miljøterapeutar ha ein viss kompetanse for å kunne ivareta dette. Barnevernsinstitusjonar skal jf. §10-16, ha forsvarleg kompetanse (Lovdata.no, 2021).

Barnevernsinstitusjonar er eit midlertidig butilbod for barn og unge som av ulike årsaker ikkje kan bu heime hos sine omsorgspersonar. Institusjon skal jf. §10-1 gi forsvarleg omsorg og behandling (Lovdata.no, 2021) der målet er å gi barn og unge den nødvendige omsorga, støtte og behandlinga slik at ungdommen kan utvikle seg i en positiv retning. Dette er sentralt ettersom institusjonar først og fremst skal bidra til at ungdommen skal kunne bli buande hos sin eigen familie etter opphaldet. Dermed har miljøterapeutane på institusjonen i oppgåve å forberede ungdommen på ein framtidig tilbakeføring til omsorgspersonane, eller hjelpe dei med å skaffe seg dei ferdigheitene og ressursane som trengst for å kunne klare seg på eigenhand. Ein vil altså hjelpe dei å meistre situasjonar og utfordringar slik at dei kan få eit best mogeleg utgangspunkt.

Barne-, ungdoms- og familieetaten har jf. §10-15 ansvar for å godkjenne institusjonar ut ifrå generelle krav. Eit av desse krava er at institusjonen skal ha ei definert målgruppe og eit formulert mål for sin faglege verksamheit og anvende metodar som er etisk forsvarleg og fagleg (Lovdata.no, 2021). I forarbeidet til barnevernslova har departementet peikt på at behov for kompetanse innan miljøterapi er viktig for å skape eit godt omsorgsmiljø for barn og unge på institusjon (Bufdir.no, 2022). Miljøterapeutisk arbeid på institusjon handlar om å skape moglegheit for tilrettelegging og organisering for at ungdomar skal få til ei positiv utvikling og forandring (Larsen, 2022, s. 24; Haugland, Berge, Gjermestad, Høium, & Løkke, 2022, s. 23; Olkowska & Landmark, 2016, s. 25)

I endring og utvikling vil omgjevningane rundt spele ei stor rolle og det er derfor viktig å styrke nettverket som ungdommen har på dei ulike arenaene. Eit sosialt nettverk er eit sett av relativt varige relasjonar mellom menneske. Inkludering av familie og nettverk har lenge blitt ansett som viktig, og har fått større merksemd etter at regjeringa som nemnt kom med ny barnevernslov. Eit av formåla med endringa var å legge meir til rette for å involvere barnet sin familie og dei nære i nettverket, for å nytte ressursar som er rundt den enkelte og ivareta

viktige relasjonar (Regjeringen, 2020-2021). Familie og nettverksorientering er sentralt då barnevernet jf. § 1-9, skal samarbeide med både barn og foreldre, og behandle dei med respekt så langt det er mogeleg (Lovdata.no, 2021). Nettverksarbeid er ein essensiell arbeidsmetode å bruke i arbeid med sårbare ungdommar på institusjonar ettersom trygghet og støtte er heilt nødvendig. Under opphaldet er derfor dei viktige ressursane i nettverket betydningsfulle støttespelarar å involvere, så lenge det ikkje er grunnar som talar imot (Humana, u.d.). For å oppretthalde relasjonar har ein vedtak om samvær og kontakt med foreldre som jf. §7- 2, skal ta hensyn til barnet sitt behov for beskyttelse, barnet si utvikling, samt barnet og foreldra sine mogelegheiter til å oppretthalde og styrke banda mellom seg (Lovdata.no, 2021).

## Teori

For å kunne belyse korleis ein arbeidar på institusjon, må vi ta for oss teoretiske perspektiv og arbeidsmetodar som er sentrale i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn. For å kunne sei noko om korleis kultur som kontekst påverkar arbeidet på barnevernsinstitusjonar, har vi derfor valt å ta for oss kultur som eit teoretisk perspektiv. Innanfor kultur har vi valt å fokusere på identitet, språk og tilhørigheit. Vidare vil vi presentere miljøterapi som metode og til slutt gjere rede for familie og nettverksorientering på institusjon.

## Kultur

Kultur er noko allmenneskeleg som gjer oss i stand til å kommunisere med kvarandre. (Thorbjørnsrud,2009, s. 209) uttrykker bevisstheit rundt at vi alle er kulturelle vesen. Ut i frå kjønn, sosial posisjon og personleg erfaring fortolkar, vel og handlar vi innanfor begrensinga og moglegheiter som livssituasjonen vår tilbyr. (Rugkåsa, Ylvisaker, & Eide, Barnevern i et minoritetsperspektiv, 2017, ss. 26-27). I barnevernsarbeid med minoritetsfamiliar krev det at ein som profesjonell går inn med haldningar prega av openheit og anerkjening av forskjellar. Det krevst også at ein leitar etter likheiter og prøva å forstå den andre ut ifrå deira logikk og perspektiv(Holm-Hansen,2007). Dette omhandlar det ein definera som kultursensitivitet (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 233).

Felles språk er ein føresetnad for kultur, ettersom det bind medlemmane saman i eit samfunn og kan gi ein følelse av identitet og tilhørigheit. Ein identifisera seg med dei som snakkar same språk som ein sjølv, medan språklege forskjellar kan føre til avstand og utfordringar.

Språk er ein forutsetning for interaksjon utover det heilt elementære og for etablering av relasjonar og grupper. Dermed kan ein sjå at inkludering i majoritetssamfunnet oftare handlar om vokabular, intonasjon og grammatikk enn om hudfarge og utsjånad (Schiefløe, 2019, ss. 130-131).

Identitet er også knytt til kultur ettersom menneske sin oppfatning av seg sjølv blir forstått ut ifrå ein konstruksjonsprosess der både kultur, sosiale og personlege element inngår. På ei side har ein den personlege delen av identiteten som handlar om oppfatningar av eigne eigenskapar og kvalitetar, medan dei sosiale og kulturelle delane er knytt til opplevinga av tilhøyrighet og eit fellesskap med grupper. Dermed kan ein kople sosial og kulturell identitet til identifikasjon, altså kven vi identifiserer oss med og føler oss som ein del av (Schiefløe, 2019, s. 187).

Sosialarbeidarar uttrykk at dei treng ein anna kompetanse enn det dei har tileigna seg gjennom utdanning og arbeidserfaring (Rugkåsa, Ylvisaker, & Eide, 2017, s. 79). I sosialt arbeid er kulturkompetanse sentralt å ha ettersom det handlar om faktakunnskapar om «andre» sin kultur, kommunikasjonsform, oppdragelsestrategiar og omsorgsstrategiar (William, 2006; Rugkåsa, 2008) (Rugkåsa, Ylvisaker, & Eide, 2017, s. 77). Det blir også etterlyst kunnskap om kulturelle forhold som er relevant å ha i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn (Rugkåsa, Ylvisaker, & Eide, 2017, s. 79).

### Miljøterapi

Mange barn og unge går gjennom vanskelege livssituasjonar og treng dermed ein annan type oppfølging og endringsarbeid enn ein heim kan gi, som gjer at nokre barn og unge treng å bu på barnevernsinstitusjon for ein viss periode (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 414). Miljøterapi er eit terapeutisk arbeid som legg til rette for nye erfaringar ved hjelp av eit sosialt og materielt miljø (Haugland, Berge, Gjermestad, Høium, & Løkke, 2022, s. 23). Dei profesjonelle driv dagleg eit miljøterapeutisk arbeid der dei planlegg og påverka miljøet slik at barn og unge får ein positiv utvikling og endring (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 414; Haugland, Berge, Gjermestad, Høium, & Løkke, 2022, s. 23; Larsen, 2022, s. 25) Her er det viktig med tilbakevendande struktur som inneber å romme deira problem og vanskar, samtidig som ein skal representere «normale» forventningar som rutinar (Larsen, 2022, s. 68).

Miljøterapi har viktige eigenskapar og passa spesielt godt for dei som har opplevd traume eller vanskar i livet. Slike traume kan vere med på å påverke grunnleggande kompetansar som

mentaliserings og sjølvregulering. Dette er sentralt fordi mange på barnevernsinstitusjonar har opplevd dette (Amble & Dahl-Johansen, 2016, ss. 79,80; Kvello, 2021, s. 62; Larsen, 2022, s. 24).

På barnevernsinstitusjon blir det ofte brukt mentaliseringsbasert miljøterapi (MBT). Det blir antatt at mentalisering er «den mest grunnleggande fellesfaktoren i samtalebaserte verksomheitar» (Skårderud & Sommerfeldt, 2016, s. 110). Desse samtalarane handlar om eksplisitt mentalisering, som betyr at ein må øve på reflektering. I følge Andersson, har eg-svake barn og ungdom vanskelegheiter med å uttrykke følelsar og tankar i form av ord, i tillegg til at dei manglar støtte til å tolke sanseintrykka sine. Her blir miljøterapeuten sine kunnskarar og ferdigheitar innan mentalisering viktig (Larsen, 2022, ss. 157,158). MBT er opprinneleg ein personorientert og utviklingspsykologisk fundert modell, men blir i dag brukt til fleire forskjellige diagnostiske- og behandlingssituasjonar både for enkelt individ, gruppe og familiar (Skårderud & Sommerfeldt, 2016, s. 22). Mentalisering handlar enkelt sagt om evna til å lese seg sjølv og andre (Larsen, 2022, s. 23).

Ein annan metode som ofte blir tatt i bruk på institusjonar er traumesensitiv tilnærming (Olkowska & Landmark, 2016, s. 23). Det som er viktig her er å gi ungdommane mogelegheit til å lære seg sjølv og få evna til å regulere på fleire område og gjenskape komfort etter ubehag og frustrasjon (Amble & Dahl-Johansen, 2016, ss. 61,66). Barn og unge på institusjonar har ofte utfordringar med regulering og tilpassing av følelsar. Derfor er det viktig at omsorgspersonar hjalp dei gjennom koregulering. Dette handlar om å fokusere på kva barna treng og har behov for (Amble & Dahl-Johansen, 2016, s. 62).

Traumebelastningar kan føre til at sentrale område i hjernen til barn og unge endra seg og særleg når det gjeld tilknytningssystemet, refleksjonsevne og sjølvforståing (Amble & Dahl-Johansen, 2016, s. 72; Jørgensen & Steinkopf, 2013).

MBT og traumesensitiv tilnærming er viktige delar innanfor miljøterapi, og er dermed effektive verktøy å bruke på barnevernsinstitusjon for å fremme utvikling, endring og meistring. Innan miljøterapi er det viktig å tilpasse dei ulike metodane ut ifrå kvar enkelt sine behov og situasjon, og ut i frå institusjonens målgruppe, ressursar og kompetanse (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 414).

## Familie og nettverk

Nettverk oppstår når fleire relasjonar på ein eller anna måte er kopla saman og knyt menneske til kvarandre (Fyrand, 2018, s. 28). Eit uformelt nettverk består blant anna av vennar og naboar, familie og slekt (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 166). Dette miljøet sin karakter og kvalitet vil på ulike måtar påverke oss som enkeltindivid og nettverk er derfor heilt nødvendig for å føle ein tilhørigheit i samfunnet. Individet sin personlege livsfase og sårbarheit vil påverke kva betydning bumiljøet vil ha på individet sin livskvalitet og helse (Fyrand, 2018, s. 314). Ein vil alltid bli påverka av dei sosiale omgjevnadane, noko som gjer at ein som miljøterapeut i sosiale problem må arbeide med å identifisere og forstå problemet. På denne måten kan ein forstå korleis individet og samfunnet interagera for å vidare førebygge utvikling av problemet (Fyrand, 2018, s. 222). Her kartlegg ein altså dei ulike delane for å få ein heilskapleg forståing.

I familie og nettverksorientering er kartlegging ein stor del og det finst ingen fasit på kva som er eit godt nettverk (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 166). Kartlegging av dette nettverk bestemmast ut ifrå eins personlegheit, kultur og livssituasjon og er særleg relevant for å forstå menneske sin tilknytning til sosiale omgjevnadar (Fyrand, 2018, ss. 101,157). Ein tar alltid utgangspunkt i dei som ungdommen opplev som følelsesmessig viktige og betydningsfulle, ettersom det er ungdommen sitt nettverk som skal kartleggast (Fyrand, 2018, s. 161). Eit viktig mål med kartlegging er å finne ressursar og mangel på ressursar, for å vite om dei er tilstrekkeleg når det gjeld ungdommen sitt behov og livssituasjon. Eit anna mål som er viktig er at kartlegging hjelp den profesjonelle til å forstå meir av ungdommen sin psykososiale situasjon. Desse måla er betydningsfulle for å kunne skape eit godt og sikkert nettverk (Fyrand, 2018, s. 158).

Ved å ha gjennom førtkartlegging blir det lettare å identifisere kva relasjonar som er nødvendig og hensiktsmessig å starte eit endringsarbeid med. Dette arbeidet handlar om å styrke kommunikasjon og grunnlaget for oppretting av kontakt og samarbeid, og bryte mistillit mellom relasjonar i ungdommen sitt nettverk (Fyrand, 2018, s. 182). For at eit nettverk skal fungere må det vere kontakt mellom dei ulike partane, og denne kontakten må vere kvalitativt god.

Den delen av nettverket som har størst betydning for utviklinga av personlegheit, er familienettverket. Dette kjem naturleg heilt ifrå barndommen og er den viktigaste fasen i livet. Sidan utvikling skjer i samspel mellom menneske, blir nettverket vi omgåast med viktig.

Undersøkingar vise at foreldra sitt nettverk heng saman med kvaliteten på barnet sitt nettverk. Om foreldra har eit godt nettverk rundt seg, kan dette auke deira evne til å møte og oppfatte barnet sitt behov (Fyrand, 2018, s. 77). Derfor er samarbeid med foreldre ekstremt viktig med tanke på det biologiske prinsipp. Familien er den viktigaste arenaen for tilhørigheit, nærheit, fellesskap og ikkje minst den beste ramma for barn sin oppvekst (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 63). Prinsippet om utviklingsstøttande tilknytning blir lagt større vekt på enn det biologiske prinsipp dersom tilknytninga og relasjonen er til skade for barnet (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 66). Derfor er det viktig å samarbeide med foreldre og kartlegge for å finne ut om dei er ein ressurs i barnet sitt liv eller ikkje, og eventuelt starte endringsarbeid.

## Forskning på feltet

### Etniske minoritetar og sosialt arbeid

I ein forskning kjem det fram at ei utfordring i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn er for lite kunnskap om «dei andre sin kultur». Det kjem fram at dei profesjonelle treng meir kunnskap om andre kulturar, deira verdiar, haldningar og normer, for å få auka kompetansen og forbetre arbeidet. På den andre sida kan for stort fokus på «dei andre sin kultur» føre til mindre fokus på egne haldningar og verdiar. Fleire sosialarbeidarar gav uttrykk for at dei sakna meir diskusjon rundt verdiar og haldningar, noko som kan bidra til meir bevisstheit om forståing rundt deira fagsyn og påverkinga som dei dominerande sosiale og kulturelle normer har (Bø, 2017; Rugkåsa, 2018; Rugkåsa, Eide, & Ylvisaker, 2015). På den andre sida kan for stort fokus på kulturkompetanse og kulturforskjellar resulter til at sosialarbeidarar undervurdera eigen sosialfagleg kompetanse i arbeid med minoritetsungdom og dermed bli usikker og handlingslamme (Rugkåsa, Etniske minoriteter og sosialt arbeid, 2018).

I saker og familiekonfliktar, blir sosialarbeidarar og minoritetsfamiliar konfrontert med deira ulike syn på familieliv og kulturforskjellar (Bø, 2017). I ein undersøking kom det fram at barnevernsarbeidarar synes at minoritetar sine kulturelle verdiar og praksis utløyste barn sine problem (Rugkåsa, Eide, & Ylvisaker, 2015). I følge ein annan undersøking vises det at norske sosialarbeidarar forventar assimilering og at svenske har eit etnosentrisk syn på kultur, i møte med minoritetar. I Norden blir sosiale problem ofte forstått ut ifrå kulturelle forskjellar, medan i USA og England blir det sett på som ujamne maktrelasjonar og marginalisering av minoritetar (Bø, 2017; Rugkåsa, Etniske minoriteter og sosialt arbeid, 2018).



## Familien som ressurs

Ressursorientert familiarbeid er eit metaperspektiv som bør vere i alt psykososialt arbeid, også ved barnevernsinstitusjonar (Vedeler, 2011). Psykologen Gerdt Henrik Vedeler har som utgangspunkt i artikkelen at nettverksorientert arbeid er basert på ei erkjenning om at brukarsida både har kompetanse og ressursar som ein ikkje kan dekke aleine som behandlar (Vedeler, 2012). Generelt sett er familien den mest betydningsfulle hjelpeinstansen i menneske sitt liv ettersom familien, dei «signifikante andre», er basen for beskyttelse. Våre nærmaste er dei som først og fremst blir påverka og trår til, både i kvardagen, under avgjerande fasar og i kriser (Vedeler, 2011). Ein ressursorientert tilnærming krev at hjelparen leitar etter ressursar saman med familien i ei atmosfære av respekt for familien sin eigen kultur og stil. Framleis ser ein at det er mange tilfelle der ein møter brukaren sin familie med haldningar frå hjelpeapparatet om ikkje bidrar til samarbeid og aktivering av familien sine eigne mogelegheiter. På denne måten vert det manglar med at familien sine ressursar blir forstått og anerkjent, og at dei blir møtt slik at deira ressursar blir mobilisert. Dette krev at bevisstheit hos hjelparen over kva rolle ein spelar i samarbeid med familien (Vedeler, 2012).

# Metode

## Forskningsdesign

I dette kapitlet skal vi gjere greie for den metodiske framgangsmåten i oppgåva, for å gi eit innblikk i dei metodiske vala som blei tatt. Dette blir presentert i forskningsdesign, datainnsamling, utval av informantar, analyse, etikk og kvalitet. Studien er ein kvalitativ studie, med eit intensivt utforskande design. Vi studerte barnevernsinstitusjonar, og gjennomførte dybdeintervju med seks informantar, der fokuset for intervjuet var arbeid med minoritetsungdom. Desse intervjuet er analysert deduktiv-induktivt, og vi tok utgangspunkt i korleis informantane beskreiv sitt arbeid og sine metodar.

Vi gjennomførte eit dybdeintervju og ein kvalitativ metode, basert på eit fenomenologisk perspektiv, der vi ut ifrå intervjuet ønska å forstå informantane sine opplevingar og refleksjonar (Tjora, 2021, s. 127). Vi valte ein kvalitativ forskningsmetode, som er hensiktsmessig å bruke for å undersøke fenomen som ein ønska meir forståing rundt, og er lite forska på. Gjennom intervju med fagpersonar ved barnevernsinstitusjonar, fekk vi innsyn i informantane sine perspektiv knytt til temaet.

I forkant av intervjuet, laga vi ein intervjuguide med utgangspunkt i problemstillinga og den grunnleggande teorien i oppgåva. Vi valde dybdeintervju ettersom vi var ute etter å studere meiningar, handlingar og erfaringar dei tilsette på barnevernsinstitusjonen hadde hatt med arbeid med minoritetsungdom. For å få mest data ut av informantane valde vi opne spørsmål, slik at informantane fekk mogelegheita til å gå i djupna der dei hadde mykje å fortelje (Tjora, 2021, ss. 127-128).

## Utval

Rekrutteringsprosessen var ei utfordrande og tidskrevande arbeidsoppgåve. Etter mange henvendingar til mogeleg kontaktpersonar gjenstod det til slutt fire profesjonelle kandidatar som sa seg villige til å delta på intervju. Miljøarbeidarar som deltok jobba på barnevernsinstitusjonar med fokus på åtferd, omsorg og rus. Utvalet for denne studien bestod dermed av fire barnevernsinstitusjonar, der to av intervjuet hadde to informantar samtidig. To av intervjuet blei gjennomført ansikt til ansikt, medan dei to andre blei gjennomført via zoom. Det blei satt av god tid til alle intervjuet slik at det var rom for kandidatane til å greie ut om temaet.

Informanttabellen viser ein oversikt over intervjuet som vart gjennomført:

Informant	Utdanning	Dato	Lengde
2 informantar	Miljøterapeut	22.03.23	102 min
1 informant	Miljøterapeut	29.03.23	49 min
1 informant	Miljøterapeut	31.03.23	38 min
2 informantar	Miljøterapeut	14.05.23	81 min
Totalt			4t og 30 min

## Transkripsjon

Vi tok lydopptak frå intervju, som vidare blei transkribert og koda manuelt i MAXQDA versjon 2022. Intervju blei tatt opp for å sikre at vi fekk med oss all informasjonen i intervju. Dette gjorde også at vi fekk vere meir tilstades og kunne rette merksemda vår til samtale versus om vi hadde notert undervegs, noko som gav intervju betre flyt. Sitat som er brukt i funndelen er lettare omskrivne, slik at utsegna er lettare å lese, til dømes dialekt og munnleg grammatikk er omskrivne til normert skriftleg grammatikk.

## Analyse

Vi tok i bruk kvalitativ metode med dybdeintervju. Vi nyttar teorien til å forstå empirien, slikt at ein del av materiale blei analysert etter ein deduktiv metode. På den andre sida brukte vi også induktiv metode ettersom vi tok utgangspunkt i svara til respondentane i intervju under forskningsprosessen og knytta desse opp mot relevant teori (Tjora, 2021, s. 40).

Gjennom transkribering blei vi godt kjent med datasettet. På denne måten gjennomførte vi ei tematisk analyse ved å kode materialet med formål om å indentifisere, organisere og vise innsikt i meningsfulle mønster på tvers av datasettet.

## Etikk

Forskning er ein etisk aktivitet og dette må ein vere bevisst på. Det er fleire etiske aspekt ved datainnsamling ein må tenke over. Alt ifrå å være høfleg og respektfull i møte med informantar til å behandle datamateriale som samstemmer med lovverk, god forskningsetikk og følgjing av løyve (Stokken, Andenes, Båtevik, & Folkestad, 2022, s. 212). Denne datainnsamlinga er i samsvar med løyve frå NSD 31.05.2022 for prosjekt med 821942 som referansekode.

I møte med informantane i forhold til intervju blei det spurt om samtykke til lydopptak noko som er viktig med tanke på sikkerheit og medverking for informantane. Sidan vi fekk samtykke om lydopptak og transkribert dette, vurderte vi at det ikkje var nødvendig å sitatsjekke med informantane. Alle informantane ønska å vere anonyme og dette blei tatt hensyn til.

På halvparten av intervjuja hadde vi to informantar der samtidig. Dette var eit etisk dilemma og ei vurdering vi tok. På den eine sidan kunne dette føre til at dei kunne utfylle og gi innspel til kvarandre slik dialogen flaut betre. På den andre sidan kunne det vere negativt ved at svara dei gir kan påverke kvarandre eller at informantane unngår å seie noko fordi der er fleire til stades. Vi opplevde og erfarte at dette gav oss mest positivt med tanke på at vi fekk meir utfyllande svar der dei hjalp kvarandre når dei sto fast, og i større grad spelte kvarandre gode.

Ved innsamling av datamaterialet er det viktig at ein ikkje framstiller informantane på ein slik måte at det kan få konsekvensar for dei (Stokken, Andenes, Båtevik, & Folkestad, 2022, s. 213). Derfor blei all personopplysningar og lydopptak behandla konfidensielt og ligg samla i ei mappe som også vil bli slettet. Av den grunn valte vi å ikkje nemne namn på verken institusjonane eller området institusjonane ligg i. Dette gjor vi for å ivareta deira ønske om anonymisering og personvern. I tillegg var det viktig å passe på at det ikkje var sjans for å bli identifisert når funn blei satt inn med hensyn til anonymisering.

## Kvalitet

### Validitet

Vi utforma ein intervjuguide noko som var sentralt under intervjuprosessen for å styre samtala innanfor temaet og forskningsspørsmåla vi var interessert i. Ved å formulere opne spørsmål og spør informantane korleis dei har opplevd og erfart møtet med brukarane, gir dette god validitet ved at dei snakkar på vegne av seg sjølv og ikkje brukarane. Når det kjem til datamaterialet fekk vi svar på mykje av det vi ønskte noko som gir oss god validitet. Samtidig sprikar det litt frå det forskning har påpeikt, men er likevel eit interessant funn som kan diskutere i forhold til kva som er årsaka til dette.

## Reliabilitet

Ved å intervju med lydopptak kunne vi som forskarar legge fram direkte sitat, slik som informantane sjølv la det fram. På denne måten vil det styrke reliabiliteten til undersøkinga. På grunn av tidspress og utfordringar med innhenting av informantar, vart det gjennomført eit begrensa antal intervju. Ein kan likevel sjå at datamaterialet viser eit mønster vi kan stole på ettersom materialet ikkje spriker. Dei fleste informantane tok fram og sa mykje av det same som gjer at datamaterialet peikar i same retning og gir høg reliabilitet. Samtidig ville det med eit endå breiare utval av informantar gjeve betre reliabilitet, på grunnlag av at vi kunne konkludert meir nøyaktig i undersøkinga og fått eit meir spikra resultat.

## Funn

For å undersøke nærmare korleis sosialarbeidarar jobbar med ungdommar med minoritetsungdommar vil vi presentere funna for studien vår. Ved hjelp av maxqda utarbeida vi og kategorisert dei kvalitative intervjua. Dei overordna temaene var korleis kultur påverka det miljøterapeutiske arbeidet og familie- og nettverksarbeid i samarbeid med familien. Innan miljøterapeutisk arbeid handlar hovedfunna om tilrettelegging, kartlegging og tilhørighet. Vidare i temaet om nettverk, har vi valt underkategoriar som dreiar seg om felles utfordringar med språk, samarbeid med foreldre og kartlegging av ressursar.

## Tilnærming

Innanfor miljøterapi såg vi at det som var felles for barnevernsinstitusjonane var MBT som metode. Her sa ein av informantane at dette handlar om:

*«Ein av dei tinga i samtaler, er for å skape undring med ungdommane eller skape ein tankeprosess».*

Det var stor einigheit mellom informantane om at det grunnleggande i miljøterapien er likt for alle menneske som har traume eller utfordringar. Dei møte ungdommane ganske likt, men det vil vere ulike aspekt ein må ta hensyn til med tanke på kultur og språk. Dette er ei tilpassing ein vil gjere uansett etnisitet. Eine informanten nemnte at dei prøva å utvide forståinga deira, noko som gjeld alle ungdommane uansett kva dei har med seg, som til dømes bakgrunn eller diagnosegrupper.

Her fortalte eine informanten:

*«Om det ein diagnose dei har, eller ein annan etnisk bakgrunn så prøva vi å auke forståinga og kunnskapen ut i frå kvart enkelt individ».*

Det som var gjennomgåande i funna var at måten dei arbeida med etnisk norske versus ungdom med minoritetsbakgrunn ikkje utgjorde noko særleg forskjell.

Dette var noko som blei repetert blant alle informantane. Blant anna sa eine informanten at:

*«Ungdommane som kjem til oss uansett om dei har eit anna språk eller kultur så er dei eigentleg søkt inni det same behandlingsopplegget og det same tilbodet. Då jobbar vi på lik måte, at det skal rommast og tilpassast det behandlingstilbodet som vi har, sidan det er det dei har søkt seg inn i og det er det de trenger hjelp til».*

Det ein likevel såg igjen hos alle informantane var at å tilnærme seg ungdommen med nysjerrigheit, kjærleik, respekt og vere imøtekommande ville gjelde alle, men at det vart på andre premiss når det kom til ungdommar med minoritetsbakgrunn. Ein ser altså at sjølv om det er mykje felles uavhengig av bakgrunn vert det også hensyn og aspekt ein bør ta. Tre hovudtema som blei gjentatt av alle informantane var; tilrettelegging, kartlegging og tilhørigheit. Innanfor tilrettelegging kom det fram at det sentrale var å bli kjent med den enkelte, finne ut kva som er viktig for vedkommande og ut ifrå dette legge til rette så godt som mogleg. Dette kunne vere i forhold til mat, språk, vanar, tradisjonar og andre essensielle element i kvardagen som var viktig for ungdommen. I følge informantane er dei svært tilpassingsdyktige og god på tilrettelegging, og har dermed ikkje kjent på så mange utfordringar angående dette. Eine informanten la fram at :

*«Vi tilrettelegger i forhold til det ungdommen har behov for».*

På denne måten tilnærma dei seg ved å spele på ungdommen sine styrker og nå inn til dei ved å bruke kulturen for det den er verdt. Fleire av informantane fortalte også at dei tok i bruk matching, der personalet med tilsvarende bakgrunn blei matcha opp mot ungdommen for å trygge dei. Informanten fortalte også at ungdomane såg på dette som ein virkningsfull metode med tanke på forståing.

Når det gjeld kartlegging var dette også noko som var felles blant informantane. Her kom det fram kvifor kartlegging spesielt i startfasen var viktig for korleis ungdommen sine behov ville bli møtt. Her sa ein av informantane at ein må:

*«Kartlegge og prøve å møte dei på det som er viktig for dei».*

Dette er noko som blir gjentatt blant fleire av informantane. Resultatet av å kartlegge og lese seg opp på forhand gav miljøarbeidarane mogelegheit til å spele på det ungdommane interessera seg for. I tillegg gir dette ein mogelegheit til å prøve å utvide forståinga og kunnskapen på forhand, slik at ein enklare kan legge seg på lista som ungdommen er opptatt av.

Tilhørigheit var også noko som blei tatt opp blant informantane. At ungdommane skal føle på tilhørigheit på institusjonen gjennom å skape ein trygghet i fellesskapet på institusjonen er noko dei alle streba etter. I ein av institusjonane var dette grunnsteinen for deira metode. Her nemner fleire av informantane at inkludering, tilgjengelege vaksne, og det å føle seg heime, er nokre sentrale element for å prøve å oppnå dette. Her kom det også fram at relasjonsarbeidet

og tilhørigheiten er tett knytt saman. Dette er noko alle informantane bekrefte, der blant anna eine informanten fortalte at:

*«Det er det oss prøva, å bygge kultur rett og slett, og at vi skal ha respekt for kvarandre, ta hensyn og inkludere. Og på ein måte hjelpe dei å bygge fellesskap og ha ein tilhørigheit».*

## Språk

Fleire av miljøterapeutane gav uttrykk for at språk var eit tema som var utfordrande i samarbeid med ungdommen og familien med anna etnisk bakgrunn. To av informantane begrunna dette med at viktige beskjedar kunne bli missforstått, oppfatta på feil måte eller gå tapt på grunn av språkbarrieren mellom dei ansatte og foreldra. At foreldra har underutvikla norsk-kunnskapar i tillegg til bruk av «institusjonspråk», kan dette bli eit hinder for kommunikasjon og påverke samhandlinga. Her sa eine informanten at:

*«Også det at eg trur, det har vertfall eg opplevd då at kanskje dei forstår litt norsk også ikkje vil innrømme kor lite dei faktisk forstår og det det blir mykje nikk og ja, litt sånn halveis».*

## Nettverk og samarbeid

I familie og nettverksarbeid nemnte ein av informantane at dei fokusera mykje på nettverksarbeid og at det var viktig å finne ut av:

*«kven ungdommane oppleve som ressursar og ikke» .*

For det å finne gode ressursar bidrar til eit godt og trygt nettverk. Det er viktig at ungdomane får vere med å medverke i karleggingsprosessen av eige nettverk.

Alle informantane var oppteken av å ha eit godt samarbeid med familien, noko som er veldig viktig sidan målet er at ungdommane skal tilbake til familien etter opphaldet på institusjonen. For å få til dette er kommunikasjon noko som er sentralt når ein skal arbeide med føresette. Eine informanten fortalte at:

*«Føresette med minoritetsbakgrunn synest ofte at barnevernsinstitusjonar er skumle» .*

Dette var også noko som fleire informantar nemnde. Det seier noko om viktigheita av at familiane blir kjent med institusjonar, rutinar og handlingsplanar for å kunne skape tillit og trygghet.



I samarbeid er det også viktig å validere dei føresette sine følelsar og tankar og vise at du forstår og ser dei for at dei skal føle seg verdsatt. Dette gjer også at det er lettare å skape eit samarbeid dei i mellom. Fleire informantar nemnte at det er dei føresette som kjenner barna sine best og at det derfor er vesentleg å ha eit godt samarbeid. Dette bekreftar eine informantar ved å sei:

*«Dei veit ofte kva som er viktig og kva som er av stor betydning for barnet».*

I nokre tilfelle er det ikkje alltid lett å forstå seg på ungdommen og eit godt samarbeid kan derfor hjelpe dei med dette. Som ein informant fortalte

*«Da kan ein profesjonell komme med sine faglege tankar og kanskje hjelpe dei litt på veg med å forstå ungdommen sin».*

I dette tilfelle kan føresette bli ein opplæringsressurs. Felles for alle informantane var at dei tilbyr foreldrerettleing . Det er ikkje alle føresette som blir sett på som ein god nok ressurs og derfor blir det tilbudd endringsarbeid for at dei etterkvart skal bli ein ressurs. Alle informantane var opptatt av det biologiske prinsipp. Ungdomane skal i utgangspunktet heim att til familien sin og dermed er det viktig å gjere dei til ein ressurs i barnas liv.

*«Familie er familie uansett kva»*, sa ein informant.

## Identitet

Det å være minoritet i eit majoritetsland kan være utfordrande. Det kan også være krevande å gå frå å leve i eit land ein har kjennskap til, til å bu i eit land som er heilt framandt og har ulik kultur, livsstil og syn. Eine informanten sa at:

*«Det hende at barna blir meir integrert enn foreldra og det kan da etterkvart oppstå konflikhtar og ueinigheiter på kva foreldra ønsker og kva barna ønsker».*

Familiar frå andre kulturar er meir kollektivistiske enn norsk kultur og tenker mest på familien i heilheit, og har dermed dette som eit hovudfokus. Miljøterapeutar får da ein større moglegheit til å

*«sjå ungdommen, for det er ungdommen som må gjere ting for seg sjølv og ikkje andre»* nemnte eine informanten. Derfor er det viktig å finne ut kva det betyr for ungdommen. Det er ungdommen som står i fokus og det er dei som skal finne seg og sin identitet. Derfor må ein

skape ei forståing samtidig som ein viser respekt. Dette viser at det å ha god kommunikasjon med føresette kan være avgjerande for å kunne klare å samarbeide godt for barna sin del.

Det er viktig å ta hensyn til kven som er viktig for ungdommen og klare å nå dei når det kjem til nettverksarbeid. Ein informant sa at:

*«Det å få tak i dei som også bor langt vekk eller i andre land kan også være viktig».*

Sjølv om dei ikkje er fysisk til stades, kan dei være der som ei støtte og bety mykje i forhold til utvikling. Her kan ein også få ein del tilhørigheit ved å finne familie eller bekjente som ein har ting tilfelles med som bakgrunn, språk og religion.

Kva ein kunne gjort betre

Sjølv om det kjem fram at informantane tilrettelegg i arbeid med ungdommar med minoritetsbakgrunn fortel dei at det likevel er mykje kunnskap og forståing som er manglande som gjer at arbeidet kunne blitt betre. Blant anna fortal informantane at dei ikkje hadde så mykje erfaring og dermed ikkje møtt på so mange problemstillingar.

Blant anna trakk ein av informantane fram at det ville vert ein fordel å ha fleire i personalet med ulik bakgrunn. På den måten ville ungdommen som kom inn blitt trygga med at ein profesjonell til dømes delte same språk, og dermed gjort vedkommande meir forstått. Generelt blir det også sagt at det alltid vil vere meir kunnskap å hente inn som ville vert nyttig å ha.

Eine informanten fortalte at det optimale ville vert:

*«Skulle vi på ein måte vert bortskjemd så ville jo det vert veldig fint å hatt ein som er spesialisert innanfor forståing og minoritetsbakgrunn og veildeningkomptansen då».*

Ein kan konkludere med at informantane har innsikt om at dei fortsatt har ein veg å gå når det kjem til kunnskap for å kunne få eit betre arbeid retta mot ungdom med minoritetsbakgrunn.

## Diskusjon

Korleis arbeider ein miljøterapeutisk i møte med ungdom med minoritetsbakgrunn?

Ut i frå funn ser vi at nysgjerrigheit er noko alle ser på som viktig når ein skal tilnærme seg ungdomane. Det å være nysgjerrig på kven dei er, deira historie og bakgrunn. Dette kan vere virkningsfullt ettersom at det å vere genuint nysgjerrig på ungdommane kan føre til at dei profesjonelle kan få auka sin kunnskap. Ved at dei profesjonelle vise interesse, får ungdommen moglegheit til å opne seg opp om sin historie, verdiar og livssyn. Dei profesjonelle kan dermed skape ein setting der ungdommen føle seg sett og høyrte, som også er ein viktig grunnmur i relasjonsbygging.

Ifølge eine informanten kartlegg dei så godt som mogleg slik at dei kan tilrettelegge før ungdommen kjem til institusjonen. Det å lese seg opp på sentrale emne som angår ungdommen, og skaffe seg den kunnskapen som trengst kan vere med på å trygge ungdommen. I tillegg til dette kan ein unngå misforståingar og såre tema for ungdommen i startfasen, noko som kan føre til ein god start for både ungdommen og dei profesjonelle. På andre sida kan for mykje fokus på tilrettelegging for «dei andre sin kultur», føre til at sjølvrefleksjon knytt til haldningar og verdiar blir svekka, noko som kjem fram i forskning på feltet (Rugkåsa, Etniske minoriteter og sosialt arbeid, 2018). Når ein ikkje er bevisst over eigne haldningar og verdiar kan ein utvikle fordommar og stereotypiar om andre kulturar, noko som kan føre til konflikt og misforståing. Dermed kan ein gå glipp av moglegheita til å lære og utvikle seg som individ. Ein kan derimot unngå å projisere eigne verdiar og fordommar ved å være bevisst over seg sjølv.

På institusjon blir det til ein kvar tid brukt ulike metodar innan miljøterapi . Det å øve seg på å gjere daglegdagse oppgåver, samarbeide saman med andre og lære seg å handtere sosiale situasjonar, er noko alle institusjonane jobbar med. Derfor er det viktig med struktur og rutinar, for å representere dei «normale» forventningane som nemnt i teorien. For at ungdommane skal klare seg best mogleg i samfunnet er det derfor viktig å få erfaring om sosiale situasjonar eller daglegdagse oppgåver. Om ein ikkje har fått noko erfaring om dette kan det være utfordrande å bu og ta vare på seg sjølv.

I lys av funn, var alle informantane ganske samstemde når det kom til tilnærming og det å behandle ungdommane likt. Det kom fram i funn delen at ungdommane er på institusjonen for ein grunn ut i frå den behandlinga som institusjonen tilbyr, og at dette er likt for alle

ungdommar uansett bakgrunn. Det blei også sagt at tilrettelegging er noko dei sett høgt og fokusera på. Sjølv om tilbodet er det same for alle, er tilrettelegging noko som er svært sentralt for å kunne hjelpe den enkelte ungdommen. Ein tilrettelegg ut ifrå ungdommen sin evne og utvikling, møter dei på det stadiet dei er på og kan deretter jobbe saman mot eit felles mål. På den eine sida kan dette ha ei positiv innverknad ved at ein ikkje forskjellsbehandlar og at alle stiller på lik linje. På den andre sida kan ein stille spørsmål om kva betydning det har å møte alle likt. Menneske er tross alt ulike og har ulike behov som gjer at ein uansett må tilnære seg enkelt individ ulikt. Med andre ord kan det å møte ungdommar likt uavhengig av bakgrunn også påverke negativt.

Ut i frå teori er traumesensitiv tilnærming ein metode som er viktig for å lære og få evna til å regulere seg, noko som også blir bekrefta av informantane (Amble & Dahl-Johansen, 2016, ss. 61,66). Det å lære seg å være saman med andre, regulere og tilpasse seg er vesentleg for å kunne fungere i ulike sosiale settingar og noko ein kjem til å ha nytte av i det daglege liv. Det å regulere seg sjølv er avgjerande i samspel med andre og ein ser derfor viktigheita med denne type metode. For å skape ei endring og utvikling er det derfor avgjerande at ungdommane reflekterer over eigne evne og ferdigheter, noko som er sentralt i MBT (Larsen, 2022, ss. 157,158). Frå funn blei det sagt at det å berre starte ein tankeprosess hos ungdommane gjer at dei startar å reflektere over seg sjølv, noko som er vesentleg med tanke på utvikling. Dessutan klarer ein ikkje å få til ei utvikling om ein sjølv ikkje er tilstades eller er villig til å gjere noko med det. I lys av teori ser ein då at metaliseringsbasert miljøterapi er avgjørende for å få til denne tankeprosessen som gjer at ungdommane får andre synspunkt og vinklingar. Dette må til for å i det heiletatt kunne vere mottakeleg for endring og utvikling. I desse metodane er det viktig å tenke over at ungdommane kan ha ein anna tankegang enn etnisk norske. Dette medfører at ein som miljøterapeut må vere bevisst over korleis ein handlar og uttrykk seg, for å unngå å påføre dei sine eigne synspunkt.

Noko anna ein må vere bevisst over er kva betydning forståing og språk har for arbeidet med ungdom og familiar med minoritetsbakgrunn. Eit hjelpemiddel her kan vere å bruke «maching» som metode og både kan hjelpe dei profesjonelle, ungdomane og familien. Dei kan også få ein oppleving av tilhørigheit og identitet. Ved at ein profesjonell på institusjonen kan kommunisere på ungdommen sit morsmål eller har kunnskap om kulturelle referansar, kan dei betre forstå ungdommen sine erfaringar og behov. Dette kan bidra til at ungdommen føler seg sett, høyrd og respektert. På den andre sida er dette ein metode som er avhengig av

at institusjonane har eit variert personalet. Dette er ikkje alltid tilfelle, noko som gjer at eit slikt godt hjelpemiddel ikkje alltid kan bli brukt.

I lys av forskning kjem det fram at ei utfordring i arbeid med ungdom med minoritetsungdom er mangel på kunnskap om andre sin kultur (Bø, 2017; Rugkåsa, 2018; Rugkåsa, Eide, & Ylvisaker, 2015), noko ein kan sjå igjen i funna. Her ser ein at det er felles at institusjonane ikkje har hatt så mykje erfaringar med ungdom med minoritetsbakgrunn og har dermed ikkje møtt på så mange problemstillingar. Ein kan stille spørsmål ved om dette er bakgrunnen for kvifor dei jobbar på same måte med etnisk norske og med minoritetar. Det kan vere at dei rett og slett ikkje har nok forståing, kunnskap og erfaring på dette feltet til å kunne greie ut om temaet. På den andre sida kan det å tilnærme seg ungdommane likt uavhengig av bakgrunn verke positivt og fungerande ved at dei kan føle på eit felleskap ved at dei er der saman og kan støtte kvarande.

**Korleis arbeidar ein familie og nettverksorientert i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn?**

Ut ifrå kartlegging i nettverksarbeid blei det nemnt at det det var svært betydingfullt for ungdommen ved å finne gode ressursar og inkludere dei som ungdommen oppleve som viktige. Dette var også nokon av informantane opptatt av. Det kan være at ungdommen ikkje har så mange rundt seg i utgangspunktet og treng å utvide nettverket i positiv retning ved å reparere eller finne relevante ressursar. I lys av teori ser vi at kartlegging også blir bestemt ut ifrå ungdommen sin kultur (Fyrand, 2018, s. 101). Ved å tilrettelegge dette kan ungdommen få fleire ressursar i livet sitt som ein kan få tilhørigheit av. Dette er også viktig for at ungdommen skal finne sin plass i samfunnet og føle seg inkludert. Som ungdom kan det vere utfordrande å finne ut kven man er og finne sin plass når ein i tillegg kan bli påverka av ulike normer og verdiar. Dette kan vere spesielt krevande når ein kjem til eit nytt land med ulik kultur, livssyn og haldningar. Det å føle seg annleis er noko som ein ungdom helst ikkje vil og er derfor viktig å finne tilhørigheit og sin eigen identitet.

Språkutfordringar kan vere ei slik utfordring. Det å ha ulikheiter i det språklege gir ein følelse av avstand og utfordringar, som rett i teorien (Schiefløe, 2019, ss. 130,131). Manglande språkforståing var noko informantane møtte på i samarbeid med familiar, noko som førte til misforståingar der språkbarrieren resulterte i at informasjon kunne gå tapt. På bakgrunn av dette kan ein føle seg isolert, utanfor samfunnet som gjer at ein ikkje får delta i den grad dei

ønsker. Når ein bygger ein relasjon er kommunikasjon ein viktig del av dette ettersom det er nøkkelen til tillit. Ei slik språkbarriere vil i dette tilfellet kunne vere ei utfordring i samhandling. Samla sett kan ein sjå korleis språk er ein viktig faktor i arbeidet med ungdom med minoritetsbakgrunn på institusjon, og kor viktig det er at dette blir tilrettelagt på best mogeleg måte.

I lys av funna kjem det fram at ein er opptatt av det biologiske prinsipp, noko som er viktig å vere med tanke på at ungdommane skal heim til familien på eit tidspunkt. Dette er vesentleg ettersom det ut ifrå teori og forskning er viktig å ta utgangspunkt i dei ungdommen opplev som betydingfulle (Fyrand, 2018, s. 161). Dei har tross alt ein påverknad for ungdommen si utvikling og velvære, som gjer at samarbeidet med familien vert ein heilt nødvendig del av arbeidet på barnevernsinstitusjonar. Det er likevel viktig å vere bevisst på at det kan vere negativt å bli for opptatt av det biologiske prinsippet. Om det vert ei overfokusering på biologisk slektskap, kan dette overskygge andre viktige tilgangar til andre ressursar. Ein må også vurdere om dei biologiske ressursane blir sett på som gode nok, og vidare eventuelt arbeide for at dei skal bli ein god ressurs gjennom til dømes rettleiing og endringsarbeid. Som forskning på feltet tar opp, er familien basen for beskyttelse (Vedeler, Familien som ressurs i psykososialt arbeid del I, 2011). Det er dermed viktig å involvere dei og skape eit samarbeid bygd på tillit og respekt.

I nettverksarbeid er det heilt vesentleg å erkjenne at brukarsida har kompetanse og ressursar som behandlar kanskje ikkje har. Når primærfamilien er involvert kan dei også gi verdifull informasjon om barnet sin bakgrunn, vanar, og behov, noko som kan hjelpe barnevernsinstitusjonen i å utvikle eit meir tilpassa og effektivt omsorgstilbod for barnet. Det er dermed viktig at begge partar samarbeida for å kunne utfylle kvarandre og vidare hjelpe ungdommen best mogeleg. Informantane trakk fram kor betydningsfullt og avgjerande det er å validere dei føresette for å skape eit godt samarbeid. Det er tross alt omsorgspersonane dei har vert hos mesteparten av livet sitt, som dermed kjenner barnet sitt best og veit kva som er av stor betydning for barnet. På den andre sida er det ikkje alltid at ungdomen føler det slik. Det blei også nemnt av informantar at mange kan kjenne på at foreldre tar styring, noko som gjer at dei sjølv ikkje får moglegheita til å forme sitt eige liv. Dette kan føre til konflikt og ueinigheiter mellom kva partane ønsker. Likevel kan det å validere foreldra og lytte til deira synspunkt, bidra til å byggje tillit mellom dei føresette og barnevernsinstitusjonen. Om institusjonen derimot ikkje hadde validert dei føresette kunne dette ført til frustrasjon og

konflikt for begge partar noko som har vert problematisk på feltet. Det er tross alt kvaliteten av samarbeidet som utgjer effekten av arbeidet og ein ser dermed viktigheita av å inkludere føresette. Dette samarbeidet er med på å forbetre arbeidet med minoritetar og endre synet på at institusjonar ikkje er så skummelt som det blir framstilt. Ein ser altså at å lytte, ta hensyn til foreldra sine synspunkt og kulturelle verdiar, skapar større tillit og aksept for barnevernsinstitusjonane. Terskelen for å ta kontakt vert mindre og kan derfor føre til at barnevernsinstitusjonane blir sett på som ein ressurs for barn og familiar som treng hjelp til ulike utfordringar.

## Konklusjon

Gjennom studien vår har vi fått eit innblikk i korleis miljøarbeidarar jobbar ut ifrå sentrale arbeidsmetodar, kva dei rommar og kva som er fundamentalt i desse. Noko som er meir aktuelt og interessant er korleis dei arbeidar med dette opp imot ungdom med minoritetsbakgrunn.

For å kunne svare på problemstillinga: «Korleis arbeidar miljøterapeutar i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn?», tok vi for oss to forskningsspørsmål. Med tanke på korleis dei arbeidar miljøterapeutisk, er tilnærminga av ungdommane ganske lik, men at dei forbereda og innhentar seg nødvendig informasjon ut ifrå den enkelte. Under opphaldet opptre dei profesjonelle med ein ekstra nysgjerrigheit ovanfor ungdommar med minoritetsbakgrunn. På institusjon går ungdommar gjennom ei endring og utvikling der refleksjon er avgjerande for denne prosessen. Miljøterapeutar er viktige støttespelarar for å hjelpe ungdommane med evna til å mentalisere. Miljøterapeutisk arbeid kan på denne måten styrke kommunikasjonsevna til ungdommane slik at dei evnar å sette ord på sine tankar og følelsar på ein betre måte. Alt i alt kan ein konkludere med at miljøterapi er vesentleg i arbeid med ungdommar med minoritetsbakgrunn ettersom dette er eit arbeid som også bidrar til eit inkluderande miljø der forskjellar vert anerkjent og respektert som dermed gir ungdommane ein følelse av tilhørigheit og fellesskap.

Svaret på korleis ein arbeidar med familie og nettverksorientering er at samarbeid med familie er heilt sentralt i ønske om å bli inkludert, vere ein del av barnet sitt liv og vedlikehalde relasjonen, ettersom at ungdommane i utgangspunktet skal tilbake til familien. Familie og nettverksarbeid kan bidra til å styrke ungdom med minoritetsbakgrunn sin identitet, gi dei tilgang til viktige ressursar og beskytte dei mot risikofaktorar som er negativt for utviklinga. Familie og nettverket er derfor viktige støttespelarar og har ei stor påverking i utviklinga til ungdommen.

Totalt sett ser ein at miljøterapi og familie- og nettverksorientert arbeid er to arbeidsmetodar som er nyttig å bruke i møte med ungdom med minoritetsbakgrunn og bidrar til eit meir heilskapleg behandlingsopplegg.

Ved at dei ikkje har så mykje erfaring, kan ei vinkling vere at dei kanskje ikkje har fått den moglegheita for å få auka sin kunnskap og forståing rundt dette temaet. Dette kan vere ein årsak til kvifor dei arbeida på same måte med alle ungdommar uansett bakgrunn. Det å tilnærme seg alle likt kan vere fungerande og verke positivt både for dei profesjonelle og ungdommane



på institusjonen. Samtidig kan det å behandle ungdomane ulikt verke positivt ettersom dei tilrettelegg for at den enkelte skal få det best mogleg ut ifrå sin ståstad.

Informantane erkjenner at det er mykje kunnskap og forståing som er manglande som gjer at arbeidet kunne blitt betre. Denne manglande kunnskapen kan føre til uheldige konsekvensar for ungdommen og samarbeidet med familien. Likevel ser ein både frå forskning og funndelen at det er eit ønske om meir kunnskap og meir diskusjon rundt dette temaet, ettersom det ville vert nyttig i arbeidet. At dei profesjonelle har denne innstillinga er ein god start. Det å vere oppmerksam på kulturelle forskjellar og vere villig til å lære og forstå ulike kulturar, kan ha ein stor betydning og hjelpe miljøarbeidaren til å utvide sitt synspunkt, bygge relasjonar og unngå misforståingar eller kulturelle kollisjonar.

Studien si begrensing kan vere at vi har eit utval av informantar som relativt har hatt lite erfaring i arbeid med minoritetsungdom. Ved å finne informantar med ulik erfaring og kompetanse kunne vi fått eit breiare svar eller fått andre mønster i forskinga. I tillegg kunne det vært interessant å forsk, på det same temaet på andre arenaer for å undersøke om ein hadde fått same konklusjon eller ei anna vinkling på det. Noko vi kunne gjort annleis var å utvide det geografiske området når det kom til utval av informantar, for å sjå om der finst ulikheiter.

Eit resultat som følgje av svaret på problemstillinga kan vere at det vil gi ein nytteverdi til blant anna dei vi studera og andre profesjonelle innanfor sosialt arbeid. Ein kan blant anna sjå at rammene rundt har lagt større vekt på dette temaet, ved at til dømes lovverk har vorte endra og blitt spissa inn mot eit fleirkulturelt barnevern. Ved at miljøarbeidarar erkjenne sin grad av kunnskap kan dette føre til ei bevisstgjerung som kan hjelpe den profesjonelle å tileigne seg meir kunnskap slik at arbeidet kan bli betre. Å ha ei slik innstilling og vere villig til å lære og forstå ulike kulturar, kan ha ei stor betydning og gjer at dei som profesjonelle blir bevisst over dette, og får forståing over eiga yrkesrolle. Dermed kan ein utvikle seg som yrkesutøvar og gjer ein forskjell i feltet innanfor dette temaet.

## Bibliografi

- Amble, L., & Dahl-Johansen, C. (2016). I L. Amble, & C. Dahl-Johansen, *Miljøterapi som behandling ved komplekse traumer hos barn og unge* (ss. 61-81). Universitetsforlaget.
- Archive, R. (2018). *phandpr.no*. Hentet fra Phandpr blogg om samfunnsvitenskap: <https://phandpr.org/kultur-som-pavirker-folks-livssyn-og-vaeremate/>
- Bø, B. P. (2017). Sosialt arbeid i et flerkulturelt samfunn. *Fontene forskning*, ss. 71-83.
- Bufdir. (2022). *Bufdir.no*. Hentet fra Barn og unge i institusjon: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/q-422015-retningslinjer-om-behandlingen-av-barnevernsaker-der-barn-har-tilknytning-til-andre-land/id2467870/?ch=1>
- Bufdir.no. (2022, 06). *Anbefalinger om kompetanse og utdanning for barnevernsinstitusjoner*. Hentet fra Bufdir.no: <https://www.bufdir.no/contentassets/ed7a489b2fbf4c808e4637c037e51450/anbefalinger-om-kompetanse-og-utdanning-for-barnevernsinstitusjoner2253.pdf>
- Bunkholdt, V., & Kvaran, I. (2021). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Gyldendal .
- Castello, C. (2018, Juni). *Barnevernet tar lite hensyn til kultur*. Hentet fra utrop.no: <https://www.utrop.no/nyheter/nytt/33259/>
- Castello, C. (2020, 02 03). *Utrop.no*. Hentet fra Barneombudet lite opptatt av å ivareta rettsikkerheten til minoritetsbarn: <https://www.utrop.no/nyheter/nytt/203605/>
- Fyrand, L. (2018). *Sosialt nettverk teori og praksis*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, S., Berge, U., Gjermestad, A., Høium, K., & Løkke, J. A. (2022). *Kunnskapsbasert miljøterapeutisk arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holt, K. (2019). *Kultur, migrasjon og traumer*. Gyldendal.
- Humana. (u.d.). *Nettverksarbeid*. Hentet fra Humana omsorgs og assistanse: <https://www.humananorge.no/barnevern/metoder-faq/nettverksarbeid2/nettverksarbeid/>
- Jørgensen, T. W., & Steinkopf, H. (2013). *rvtssor.no*. Hentet fra Traumebevisst omsorg, teori og praksis: <https://rvtssor.no/filer/backup/Artikkel3-Traumebevisstomsorg.pdf>
- Kvello, Ø. (2021). *Samtaler med barn og ungdom*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Landsforeningen for barnevernsbarn. (u.d.). *LFB*. Hentet fra barnevernsbarna.no: <https://barnevernsbarna.no/flerkulturelt-barnevern/>
- Larsen, E. (2022). *Miljøterapi med barn og unge. Organisasjonen som terapeut*. Universitetsforlaget.

- Lovdata.no. (2021, 06 18). *Lovdata.no*. Hentet fra Lov om barnevern (barnevernsloven): <https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/2021-06-18-97?searchResultContext=1258&rowNumber=1&totalHits=10394>
- Nasjonalt digitalt læringsarena. (2019, August). *Kulturelt mangfold*. Hentet fra <https://ndla.no/nb/subject:1:777ae87e-ca79-4866-920a-115cfeb7bbe1/topic:d4f5557a-73ab-40a0-af05-e1f178cc0dcf/topic:d7d137d2-9d5c-46e9-ba67-1f010da84106/resource:0f3084fc-db0d-4b7b-ae0b-312b501e7d8e>
- Olkowska, A., & Landmark, B. (2016). *Miljøterapi prinsipper, perspektiv og praksis*. Fagbokforlaget.
- Paulsen, V., Torshaug, K., & Berg, B. (2014). *Møte mellom innvandrere*. Hentet fra NTNU samfunnsforskning: <https://samforsk.no/uploads/files/Kunnskapsstatus-barnevern-og-innvandring-1.pdf>
- Regjeringen. (2015). *regjeringen.no*. Hentet fra Retningslinjer om behandlingen av barnevernsaker der barn har tilknytning til andre land: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/q-422015-retningslinjer-om-behandlingen-av-barnevernsaker-der-barn-har-tilknytning-til-andre-land/id2467870/?ch=1>
- Regjeringen. (2020-2021). *Lov om barnevern (barnevernloven) og lov om endringer i barnvernloven*. Hentet fra regjeringen.no : <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/?ch=1>
- Regjeringen. (2022, 10 14). *Regjeringen.no*. Hentet fra Ny og meir tidsriktig barnevernslov trer i kraft 1.januar 2023: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-og-meir-tidsriktig-barnevernslov-trer-i-kraft-1.-januar-2023/id2935286/>
- Rugkåsa, M. (2018). Etniske minoriteter og sosialt arbeid. *Velferdsforskning*, ss. 180-185.
- Rugkåsa, M., Eide, K., & Ylvisaker. (2015, 06 16). Barnevernsarbeideres møte med barn og familier med minoritetsbakgrunn. *Norges barnevern*, ss. 98-106.
- Rugkåsa, M., Ylvisaker, S., & Eide, K. (2017). *Barnevern i et minoritetsperspektiv*. Gyldendal.
- Schiefloe, P. M. (2019). *Mennesker og samfunn*. Fagbokforlaget.
- Skårderud, F., & Sommerfeldt, B. (2016). *Miljøterapi boken*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Statistisk sentralbyrå. (2020). *ssb.no*. Hentet fra Nedgang i talet på barnevernstiltak 2019: <https://www.ssb.no/a/barnogunge/2020/barnevern/>
- Stokken, R., Andenes, E., Båtevik, F. O., & Folkestad, B. (2022). *Handbok for førstegongsforskaren*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder*. Gyldendal.

Vedeler, G. H. (2011). Familien som ressurs i psykososialt arbeid del I.

Vedeler, G. H. (2012). Familien som ressurs i psykososialt arbeid del II.

# Vedlegg

## Intervjuguide

Problemstilling:

*Korleis arbeider sosialarbeidarar med ungdom med minoritetsbakgrunn på institusjonar?*

### **Korleis jobbar ein miljøterapeutisk i møte med ungdom med minoritetsbakgrunn?**

1. Innan miljøterapeutisk arbeid, jobbar dykk på ein anna måte med minoritetsungdom enn med etnisk norske
    - med tanke på tilnærming
    - med tanke på relasjon
    - med tanke på tilhørighet
    - med tanke på personleg utvikling, mestring og endring
  2. Korleis er det sosiale miljøet på institusjonen og korleis fremmer dykk samarbeid og et godt samhald blant ungdommane?
  3. Korleis sikrer dykk ungdommens individuelle behov, med tanke på at dei er der samla "som ei gruppe"?
  4. Kva dilemma møter du/dere på i miljøterapeutisk arbeid knyttet til ...?
    - makt og autoritet
    - deltakelse/brukermedvirkning
    - skjønn
- Er det noko du vil legge til når det kommer til miljøterapeutisk arbeid med ungdommen?

### **Korleis jobbar ein familie og netterksorientert i arbeid med ungdom med minoritetsbakgrunn?**

1. kva tenker dykk er spesielt viktig i forhold til minoritetsungdom i familie og nettverksarbeid?
2. Kva tenker du er viktig når dykk samarbeider med foresatte med anna etnisk bakgrunn?
3. Kva slags utfordringer møter dykk på i samarbeid med familien?
  - haldningar og -verdiar overfor familieliv og barneoppdragelse
  - kommunikasjon/tolkbruk

4. Korleis jobbar dykk med heimreise og evt. kva tenker dykk er spesielt viktig i arbeid med minoritetsungdom?
  - Er det nokon spørsmål vi ikkje har spurt om, som etter di meining er viktig å vite når det gjeld det å jobbe nettverksorientert?

## Kultur

1. Korleis jobbar dykk for å skape åpenhet, forståelse og respekt mellom ungdommane, med tanke på kulturforskjeller/religion/etnisitet/livssyn, er dette noko som dykk aktivt tematiserer for ungdommane?
  - møter dykk på nokre utfordringer og dilemmaer innanfor dette?
2. Korleis tilrettelegg dykk for at ungdommane skal få bevare sine kulturelle tradisjoner og vaner?
3. Kva forhold har dykk til kulturforståelse? Har dykk noko kurs/kunnskap/teorier angående dette?
4. Korleis stiller familien seg til institusjonen sin livsstil og haldningar? Har dykk fått nokre tilbakemeldingar frå ungdommen sin familie i forhold til dette?
5. Korleis arbeida dykk med konflikthandtering, og evt korleis handterar dykk dette på ein tydeleg og konsekvent måte, samtidig som dykk ikkje trakkar på ungdommane, med tanke på anerkjennelse?
6. er det noko dykk tenker dykk kunne forbetra i arbeid med minoritetsungdom
  - Er det noko anna innanfor kultur, holdningar og verdiar du synest er viktig å få fram?